



Nærøyfjorden
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad:	Myrkdalen
Dato:	20.10.2025
Tidspunkt:	12:00 – 15:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Møtet starter med lunsj på Myrkdalen hotell kl 12.00.

Etter styremøtet er det middag med Rådgjevande utval kl 16.00 og påfølgande dialogmøte med utvalet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 35/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 36/25	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 37/25	Nærøyfjorden landskapsvernområde - restaurering av grunnmur på Bestemorløa Øvste-Stegen		2025/12930
ST 38/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 20.10.2025		2024/15667
ST 39/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 20.10.2025		2025/537
ST 40/25	Eventuelt		

ST 35/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 36/25 Val av styremedlem til å skrive under protokollen



Arkivsaksnr: 2025/12930-3

Sakshandsamar: Steinar Sørli

Dato: 07.10.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	37/25	20.10.2025

Nærøyfjorden landskapsvernområde - restaurering av grunnmur på Bestemorløa Øvste-Stegen

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Ottar Stegen løyve til å plukke ned og restaurere grunnmuren på Bestemorløa på Øvste Stegen Høgdegard. Riving og oppatt muring er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 c).

Løyvet gjeld med følgande vilkår:

- Demontering og gjenoppbygging av grunnmuren skal utførast slik at muren har same utforming og standard som opphavleg mur.
- Grunnmuren skal ha same uttrykk, lengde og høgde som eksisterande mur. Lengde på restaurert mur følgjer omsøkt skisse 1:50 høgde 140 cm og breddemur 70 cm, med måla 370 cm x 300 cm.
- Grunnmuren skal murast opp att med stein som er i muren. Dersom det er trong for å supplera med nye steinar, skal desse plukkast enkeltvis frå steinur i nærleiken.
- Løyvet gjeld i 3 år frå vedtaksdato.
- Rapport med bilde av tiltaket skal sendast til sekretariatet for Nærøyfjorden verneområdestyre når arbeidet er slutført.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.



Saksutgreiing

Dokument i saka

- Søknad om restaurering av grunnmur til Bestemorløa på Øvste Stegen Høgdegard, Ottar Stegen 18.08.2025.
- Tilstand og tiltaksrapport og kostnadsoverslag på Bestemorløa på Øvste 17.08.2025
- Bilete av Bestemorløa 2002
- Kulturminnefagleg fråsegn – søknad – grunnmur frå Vestland fylkeskommune dagsett 06.10.2025
- Øvste Stigen, restaurering og istandsetjing vurdering av verneverdi dagsett 20.05.2020

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008
- Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, 2014 og 2021- 2027

Søknaden

Ottar Stegen søker om å restaurera grunnmuren på Bestemorløa som ligg i ytterkant av tunet på stien mot Beitelen.

Kostnadsoverslag og tiltaksplan er utarbeid av tørsteinsmurar Berit Bruvik.

Grunnmuren er skildra som en dobbel-vanget mur i front, og bake-mur i de tre resterande murene.

På figur nedanfor er det ei teikning at grunnmuren skal ha same uttrykk, lengde og høgde som eksisterande mur. Lengde på restaurert mur følgjer omsøkt skisse 1:50 høyde 140 cm og breddemur 70 cm, med måla 370 cm x 300 cm.

I arbeidsskildringa står det at muren må takast ned og murast opp at igjen utifrå tilstand og grunnforhold. Fundamentet må forsterkast før muren veret mura opp att med eksisterande stein. Det vil vera trong for å supplera med noko stein frå området. Bakfyllet til muren må soldast for å få reine massar tilbake bak muren.


Berit Bruvik Tørrmuring som har gjennomført restaurering av brønn og bakkemurar har utarbeidd ei tiltaksrapport med restaureringsplan og eit kostnadsoverslag.

I søknaden kjem det fram at dei på sikt ønskjer å bygge opp at Bestemorløa men det er ikkje omsøkt i denne søknaden. Det er ikkje trong for dispensasjon frå motorferdsel grunna at dei ikkje treng nytte gravemaskin.

Grunnmuren ligg ved stien som går til Beitelen og vil vere godt synleg for dei som vitjar Øvste-Stegen og går vidare mot stølane eller fjellet Beitelen.



Bilde 1. Oversikt over Øvste Stigen, oransjerød pil uten tekst er lokasjon for Bestemorløa.




Figur 1 Kart som viser høgdegardane på Stigen.



Stegen, 5/8-02. © S. Ulvund

Bilde 2 Bestemorløa bakerst i bilete



Figur 2. Skisse med mål



Bilde 3. En ser tydelig inngangen til kjeller der deler av muren er intakt. Denne delen av muren er en kistemur/dobbel-vanget mur. Arbeidet som er utført, viser at utføreren har hatt god kunnskap om tørrmuring. En har og valgt stein som var spesielt godt egnet til formålet



Bilde 4:



Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c).

Grunnmuren til Bestemorløa er vurdert til å vera eit anlegg, og kan vurderast etter desse reglane.

Vurdering

Høgdegardane på Stigen er eit viktig landskapselement i Nærøfjorden landskapsvernområde, og bevaring av kulturlandskapet er eit viktig føremål med vernet. I restaureringsplan for Nærøfjordområdet er tunet på Øvste Stigen omtalt å ha høg grad av autentisitet. Det er gjennomført restaureringsarbeid på våningshuset, låven, muren under uthuset og i 2025 bakkemurar og brønn. Det er også gjeve løyve frå verneområdestyret til istandsetting av taubanen, og dispensasjon for etablering av ei flytebrygge under restaureringa av taubanen. Gjennomføring av planane er tenkt våren 2026.

Gardsanlegg står fram som ei heilskap og det er sjeldan å sjå eit heilskapleg tunanlegg som skildrar driftsform, byggeskikk og kulturminne så gjennomført utan inngrep som forstyrrar opplevinga. Forvaltar var på synfaring på garden den 9. september saman med Irene og Ottar Stegen, og eigarar syner stor grad av gjennomføringsevne og følgjer planane som vert stadfesta i fyste restaureringsplan attende til 2014.

Tiltaket med dei restaurerte bakkemurane og brønnen var gjennomført etter antikvarisk prinsipp og vurdert som å følgje skjøtselsplanen sine anbefalingar, sjå nedanfor:

«Om restaurering av andre kulturminne står det fylgjande; «Av tiltak som bør gjerast i kulturmiljøet på Stegen er det svært viktig at bakkemurane vert vedlikehaldne då nokon har rasa ut og må reparerast. Heilskapen med dei ulik bakkemurane og teigane er ei viktig kjelde til kunnskap om korleis ein i tidlegare tider livnærte seg her. Vidare fortel dei om ei driftsform i jordbruket som i dag nærast er forsvunne». Det har difor stor verdi for det heilskaplege kulturlandmiljøet på garden at bakkemuren ved tunet på Øvste Stigen vert sett i stand. Den gamle brønnen på garden er intakt, men deler av muren har sige inn på eine sida. Dei må ta ned nokre av steinane for å setja i stand muren og brønnen. Dette er eit mindre arbeid som vert vurdert som vedlikehaldsarbeid, og er ikkje søknadspliktig etter verneforskrifta. Dersom det viser seg at større deler av murane i brønnen må takast ned for å setja i stand brønnen, må det sendast søknad til verneområdestyret om løyve til tiltaket. Kunnskapen om området



er henta frå forvaltningsplan, restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, synfaringar og tidlegare erfaring med skjøtsel av kulturlandskapet på Øvste Stigen».

I brev frå Vestland fylkeskommune dagsett 20.05.2020 er verneverdien generelt og vurdert som høg, og i brev dagsett 06.10.2025 er heilskapen og verdien av å få restaurert grunnmuren for bestemorløa og å byggje opp at løa vil være med å styrke kulturmiljøet på høgdegarden. Vestland fylkeskommune stillar seg bak eigar si eigen vurdering av å restaurere både grunnmuren og byggje opp at Bestemorløa *«Løa har både kulturhistorisk og miljømessig verdi og er viktig for heilskapen - kulturmiljøet på Øvste Stegen.»*

Stor bloddråpesvermar, som er ein sterkt trua art, er registrert i område nedanfor Nedste Stigen (Naturbase 03.11.2023). Truleg finst denne arten også i nærleiken av Øvste Stigen. Det er ikkje forventa at arten vil bli negativt påverka av tiltaket med grunnmuren. Stor bloddråpesvermar er knytt til lysåpen, blomsterrik mark, og den største trusselen er tap av slåtte- og beiteenger i kulturlandskapet, gjengroing, gjødsling og oppdyrking. Det er ikkje andre trua artar som vil bli negativt påverka av tiltaket.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 er vurdert som godt nok for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka. Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga eit tiltak kan få på økosystemet jf. nml. § 10.

Restaurering av grunnmuren vil gjenskapa eit viktig kulturlandskapselement, og vil vera positivt for verneverdiane. Tiltaket vil ikkje føra til nye inngrep i landskapet.

Forvaltar vurderer at den samla belastninga på økosystemet ikkje vert endra med dette tiltaket. Dei vil plukke stein frå området dersom det er trong for fleire steinar enn det som er i muren i dag. Å plukke enkeltsteinar frå området er vurdert til ikkje å gje vesentleg inngrep i terrenget og påverka landskapet i vesentleg grad. Valt arbeidsmetode er vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet, jf. nml. § 12.

Konklusjon

Med bakgrunn i vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8- 12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til restaurering av grunnmuren på Øvste Stegen Høgdegard med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c).



Arkivsaksnr: 2024/15667-5

Sakshandsamar: Steinar Sørli

Dato: 13.10.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	38/25	20.10.2025

Nærøyfjorden verneområdestyre - status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 20.10.2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tar orienteringa til vitande.

Saksopplysningar

Driftsbudsjett

Nærøyfjorden verneområdestyre har i 2025 fått løyvd frå statsbudsjettet sin kap.post 1420.21 til saman kr 655.000,-

Behovsinnmelding statsforvalteren - 2025

Navn	Status	Innvilget beløp	Kommentar
Driftsmidler Nærøyfjorden verneområdestyre	Innvilget	325 000	Innvilget 225 000,- til drift av styret + 100 000,- i grunnstøtte drift.
Revidering av forvaltningsplan møte og reisekost	Innvilget	30 000	
Felles kunnskapsinnhenting Vestnorsk fjordlandskap	Innvilget	300 000	
		655 000	

- Driftsbudsjett til styret (kostnader med styremøta etc.)
- Eventuelle midlar til plan og kartlegging. I Nærøyfjorden har vi også fått løyvd kr 300.000 til kunnskapsinnhentinga + 30.000 til forvaltningsplan.
- Grunnstøtte drift

Forbruk er pr 13.10 kr 172 000,- Det vil seie ei rest på kr 473 000,- Av desse er kr 300 000,- under overføring til Stiftinga Geirangerfjorden som koordinerer og gjennomfører arbeidet med kunnskapsinnhenting, så eige orienteringssak.



Vi har då ei rest på kr 173 000,-

Tiltaksmidler

Dette er midlar som skal løyvast til tilrettelegging og informasjonsarbeid i verneområde gjennom avtaler med grunneigarar, grendalag eller andre private skjøtselsavtalar.

Nærøyfjorden har fått 1.200.000 i tiltaksmidler i 2025.

Sjå vedlegg.

Midler til tiltak i verneområder (kap 1420 post 31) - 2025

Pri.	Navn	Status	Innvilget beløp	Øk. ansvarlig	Kommentar
1	Skjøtsel Styvi Holmo			Forvaltningsmyndighet	
2	Skjøtsel høgdegardane på Stigen og Nedbergo			Forvaltningsmyndighet	
3	Skjøtsel Stokko			Forvaltningsmyndighet	
4	Skjøtsel Stalheimskleiva			Forvaltningsmyndighet	
5	Skjøtsel Fronnes			Forvaltningsmyndighet	
6	Skjøtsel Nalli			Forvaltningsmyndighet	
7	Skjøtsel Dyrdal			Forvaltningsmyndighet	
8	Nordheimsdalen - fjerning av framande artar			Forvaltningsmyndighet	
9	Nordheimsdalen - skjøtsel av seminaturlæg eng			Forvaltningsmyndighet	
10	Skjøtsel av stølsveggar og stiar			Forvaltningsmyndighet	
11	Odneshossen - Planlegge tilrettelegging			Forvaltningsmyndighet	
12	Vassete - Breiskrednosi - rydde fram gamal sti			Forvaltningsmyndighet	
13	Restaurere sti i Tundalen			Forvaltningsmyndighet	
Antall: 18			1 200 000		

Forbruk på M1940 per pr 13.10 i vårt fagsystem er på kr 139.000, med ei rest på kr 1 060.000 i rest.

Vi har godkjent og har under utbetaling til saman kr 797 790 av tiltaksmidlane, så ved utbetaling har vi kr 402 800 for vidare oppfølging og utbetaling.



**Nærøfjorden
verneområdestyre**

Tiltaksplan Nærøfjorden 2025, prioritert rekkefølge			
Kort omtale av tiltak	Budsjett	Revidert budsjett 25.02.2025	Tilskot utbetalt
Skjøtsel av kulturlandskap			
Styvi-Holmo	320 000	320 000	320 000
Stigen	103 000	103 000	
Stokko	90 000	90 000	76 000
Stalheimskleiva	40 000	40 000	
Øvste Stigen	18 000	18 000	18 000
Nedbergo	50 000	50 000	50 000
Skogane	15 910	15 910	15 910
Jeiskali og sti	21 500	21 500	21 500
Fronnes	10 320	10 320	10 320
Nåli	60 000	60 000	60 000
Nordheimsdalen, framande artar i sør	5 440	0	0
Nordheimsdalen, stølen - seminaturleg eng og boreal hei	21 760	0	0
Sum skjøtsel av kulturlandskap	755 930	728 730	571 730
Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar			
Postvegen Bleiklindi-Styvi - Slått og rydding, årlig.	50 000	50 000	50 000
Rimstigen, årlig	30 800	30 800	
Stiar Fresvik, årlig	21 500	21 500	21 500
Undredal - Stokko, årlig	9 600	9 600	9 600
Underdal - Hovdungo, årlig	9 600	9 600	9 600
Stigakaiaen - Stigen - Beitelen, årlig	13 760	13 760	13 760
Vassete - Breiskrednosi - rydda "ny" gamal sti	50 000	30 000	
Odnesfossen - Planlegge tilrettelegging/utlysning av trapp/sti	30 000	0	
Dyrdal - Salthella - Skogane - Dyrdal, årleg.	14 400	14 400	14 400
Grøfter gamle Bakkaveg, årlig	20 000	20 000	
Sti Sivle - Nåli, ny	9 600	9 600	9 600
Restaurering sti Tundalen, Fresvik, ny	50 000	50 000	
Sti Nedbergo, ny	9 600	9 600	9 600
Hauso			15 000
Sum skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar	318 860	268 860	153 060
Tilrettelegging og informasjonstiltak			
Delfinansiering miljøpatrulje	200 000	73 000	73 000
Nye utedoar	160 000	80 000	
Møte med reiseliv og turoperatørar	30 000	0	
Delfinansiering informasjonspunkt verdsarvhus på Bakka	40 000	30 000	
Delfinansiering av nytt infopunkt i Aurland sentrum	30 000	20 000	
Delfinansiering info/rasteplass i Slettedalen	30 000	0	
Delfinansiering av andre skilt/innfallsportar	50 000	0	
Sum tilrettelegging og informasjonstiltak	540 000	203 000	73 000
Sum tiltaksmidlar totalt	1 614 790	1 200 590	797 790
Rest for utbetaling			-402 800





Arkivsaksnr: 2025/537-18
Sakshandsamar: Steinar Sørli
Dato: 13.10.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	39/25	20.10.2025

Nærøyfjorden verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 20.10.2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tar orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Orienteringssaker

A) Delegerte saker sidan sist

- Statistikk løyvingar for helikopterflyging knytt til hjortejakt

I styremøte den 25.06.2025 var det vedtatt retningsline for delegert handsaming knytt til søknader om motorferdsel til uttransport av felt hjortevilt - handsama etter §48 i naturmangfaldlova.

Sidan styremøte har verneområdeforvaltarane handsama 6 søknader om transport med løyving til saman 15 flygingar frå følgjande hjortevald/område:

- Frodalen, 2 flygingar
- Kvamsberget 3 flygingar
- Lægdane 3 flygingar
- Nedberge – Vassete 4 flygingar
- Horten 2 flygingar
- Flenjabøen 1 flyging



Det er kome inn søknad frå dagsett 10.10 frå Aurland jakt og fiskelag sitt jaktlag i Nordheimsdalen øvre sone om ein flyging i perioden 18 – 21.10.2025. Søknaden vert handsama i veke 42.

I tillegg er det gjeve løyve til flygingar for restaurering på Skogane og Løhaug i Dyrdal med til saman 8 flygingar.

Samanlikna med same perioden i 2024 vart det løyvd dispensasjon til 11 flygingar knytt til hjortejakt.

B) Kunnskapsprosjekt Vestnorsk fjordlandskap.

Miljødirektoratet har i 2024 og 2025 løyvd kr 300 000,- kvart år til eit felles Kunnskapsinnhentingssprosjekt for Verdsarvområda Geiranger og Nærøfjorden.

Budsjett for prosjektet i 2025 er på kr 1 800 000,- Det meste av budsjettet går til finansiering av koordinatorstilling.

Arbeidet med kunnskapsinnhenting vert leia av Stiftinga Geirangerfjord Verdsarv i samarbeid med Nærøfjorden Verdsarvpark med ved Kunnskaps- og forskingskoordinator Else Ragni Ytterdal som har kontorstad ved Stiftinga Geirangerfjord.

Prosjektet er tenk avslutta i 2028. Verneområdeforvaltarane frå Nærøfjorden og Geiranger deltek i styringsgruppa.

Prosjektmål:

1. Etablere eit felles og oppdatert kunnskapsgrunnlag til bruk i arbeidet med regional plan for Vestnorsk fjordlandskap og pågåande revisjon av forvaltningsplanane for både verdsarvområdet og verneområda.
2. Kunnskapsgrunnlaget skal medverke til ein betre/ meir påliteleg periodisk rapportering til UNESCO/IUCN.

På møtet i Verdsarvrådet vart førebels resultat frå Miljøfagleg utredning i samarbeid med Biota og Bioforsk presentert som synar nye resultat frå arbeidet med kartlegging av biologisk mangfald, sjå referat frå møtet 29 – 30.09.2025.



C) Kunnskapsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune

Verneområdeforvaltar er invitert til deltaking i ressursgruppa for fylkeskommunane sit prosjekt Vestnorsk fjordlandskap – kunnskapsgrunnlag.

Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Vestland og Møre og Romsdal fylkeskommunar og kunnskapsgrunnlaget som vert samla inn skal resultere i ei regional plan for Vestnorsk fjordlandskap, jf. Vedtaka i regional planstrategi.

Bakgrunnen for prosjektet er rapporten frå IUCN sin rådgjevande synfaring til Vestnorsk fjordlandskap i 2022 kor dei etterspør ei miljøkonsekvensutgreiing av dei samla verknaden etter innskrivingstidspunktet.

Kunnskapsprosjektet skil seg frå prosjektet til Verneområdeforvaltninga med fokus på status på plansaker og dispensasjonar, arealbruksrekneskap frå innskrivingstidspunktet til i dag, og andre ulike type planar.

I tillegg skal det gjennomførast ei analyse av eksisterande kunnskap.

Siste del av prosjektet er at det skal gjennomførast ei Klimasårbarheitsanalyse.



D) Referat frå møte i Verdsarvrådet 29. – 30.09.2025, sjå vedlegg



E) Økonomiske verkemiddel for landbruket i Verdsarvområdet

Orientering ved Magnhild Aspevik frå felles landbrukskontor ÅLA etter gardsbesøk i verdsarvområdet mai/august/september 2025

ÅLA har til saman om lag 4 mill nok i år til fordeling av tilskot til landbruket for å styrke næringa i verdsarvområdet.

Årleg inviterer ÅLA til vitjing hjå gardbrukarar som søkjar om tilskot for å gjere opp status for skjøtselsarbeidet og investeringar. Verneområdeforvaltar vert invitert saman med Statsforvaltaren si landbruksavdeling til vitjingane.

Prioriteringane av midlane følgjer Tiltaksplan Vestnorsk Fjordlandskap Kulturlandskap utarbeidd og godkjend Stranda og Aurland kommune. På synfaringa vert midlane frå Verneområdestyre og ÅLA koordinert og status for arbeidet med restaurering og skjøtsel sett i samanheng. Dette er ei god løysing for å få ei god dialog med grunneigarane og status for løyvingane frå Verneområdestyre.

I følgje ÅLA/Lærdal kommune vart det i 2024 løyvd kr **2 922 135** til årleg drift, og kr **1 162 703** til investeringar. Dette utgjer ei samla løyving med kr **4 064 975** til landbruket i verdsarvområde i Nærøyfjorden. Sjå nettsak med oversyn over fordeling av midlane: [Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområde - handsaming av søknadar 2024 - Lærdal kommune](#)



F) Resultat frå prosjekt Miljøpatruljen

Miljøpatruljen har vist seg å vere eit konkret og innovativt døme på korleis ein kan løyse utfordringar i besøksforvaltninga for Nærøyfjorden verneområde. Prosjektet er godt forankra i forvaltningsplanen og besøksstrategien, og har skapt god lokal forankring og medverknad, og gjeve både lokal stoltheit og ungdomsengasjement. Ei vidareføring som fleirårig satsing vil vere eit viktig bidrag til heilskapleg besøksforvaltning i verdsarvområdet, og døme for andre kommunar som utviklar ei besøksforvaltning i verneområde.

Verdsarvparken har synggjort deira funksjon som eit kompetansesenter innan Besøksforvaltning. Dei har som prosjektleiarar gjennomført detaljplanlegging, gjeve opplæring til patruljen knytt til skjøtsel og formidling og fått god merksemd lokalt hjå både lokalsamfunn og i media. Patruljen har jobba saman med både grendelag og lokalt næringsliv og drive aktiv oppsøkande rettleiing av natur- og kulturverdiane i Verdsarvområdet.

Prosjektet *Miljøpatruljen* vart presentert for Verdsarvrådet i haust, og tilbakemeldingane var gjennomgåande svært gode. Miljødirektoratet oppmoda om å vidareføre tiltaket som eit fleirårig prosjekt, medan Vestland fylkeskommune orienterte om verkemiddel knytt til skjøtsel av kulturminne som kan nyttast som delfinansiering. Leiar av prosjekt Besøksforvaltning i Vestland fylkeskommune Britt Daland kommenterte prosjektet med følgjande utsegn « Personleg nærvær og dialog er den beste måten å ønskje velkommen, formidle kunnskap til og påverke åtferd til dei besøkande».

Prosjektet vert no òg lagt fram for det rådgivande utvalet for verdsarvområdet.

Utfordringa ligg i å sikre stabil finansiering og vidare forankring, slik at prosjektet kan gå frå å vere eit tidsavgrensa tiltak til ei varig ordning. Prosjektet hadde opphavleg eit budsjett på 400 000 kroner, men vart gjennomført med 280 000 kroner utan at kvaliteten på leveransen vart svekka.

Prosjektet vert vurdert som eit førebilete på korleis besøksforvaltning og lokal verdiskaping kan gå hand i hand. Det har bidrege til god dialog mellom forvaltning, grunneigarar og reiseliv, og har styrkt både haldningar og praksis for sporlaus ferdsel i verdsarvområdet.

Resultat og erfaringar frå prosjektleiar Bengt Erlend Skjerdal, Verdsarvparken og Verneområdeforvaltar

- Fire ungdomar/unge vaksne har hatt sesongarbeid gjennom prosjektet (to team i åtte veker).
- Oppgåvene vart utført i tråd med bestilling frå verneområdeforvaltar og styre.
- Prosjektet har fått svært gode tilbakemeldingar frå grunneigarar, grendelag, næringsliv og lokale aktørar, mellom anna frå Øvste Stegen gard, Bakka grendelag, Nærøyfjorden Camping, Norway Best, 292 Aurland og Statens naturoppsyn, Vestland fylkeskommune.



- Tiltaket har skapt merksemd i felt og bidrege til både skjøtsel, vedlikehald av stiar og formidling av kultur og lokal forventning til besøkande.
- Erfaringane viser at prosjektet har potensial til å utviklast vidare til å omfatte fleire oppgåver og eit større geografisk område.
- Verneområdeforvaltar har saman med styreleiar tilrettelagt for at prosjektet kan løyvast kr 62 000, slik at restmidlane frå Miljødirektoratet kan utbetalast. Midlane vil gå til å leggje en plan for eit treårig prosjekt og slutføre formidlingsprosjektet.



G) Innspel til Nærøyfjorden Verdsarvpark sin handlingsplan 2025 – 2026

Verneområdestyret/verneområdeforvaltaren vart oppmoda om å kome med innspel til Nærøyfjorden sin handlingsplan for 2025 – 2026. Saken er ikkje fremma som formell styresak. Etter møtet vert innspel sendt skriftleg til Verdsarvparken.

Stiftinga ønskjer seg ei handlingsplan som er meir avgrensa med tydlegare prioriteringa med fleirårige prosjekt.

Verneområdestyret/verneområdeforvaltaren ønskjer å prioritere samarbeid og tiltak som bidreg til både **god forvaltning, lokal verdiskaping og styrkt besøksforståing** i tråd med måla i forvaltningsplanen og besøksstrategien.

Vi peikar særleg på følgjande satsingsområde:

1. Vidareutvikling av Miljøpatruljen

- Eit viktig tiltak for å vere synleg og drive naturrettleiing i felt, informasjon og haldningsskapande arbeid.
- Bidreg til sporlaus ferdsel, tryggleik og formidling av lokal kultur og natur.
- Ønskje om vidareføring og utviding som eit felles prosjekt mellom Verneområdeforvaltninga, Verdsarvparken og kommunane.

2. Tilrettelegging ved stølen i Slettedalen (innfallsport til Bakkanosi)

- For å redusere slitasje og betre besøksopplevinga.
- Prioritert tiltak for god besøksforvaltning og ivaretaking av stølslandskapet.
- Samarbeid med grunneigarar og lokale aktørar.

3. Ferdigstilling og vidare bruk av Bakka verdsarvhus

- Viktig møteplass for formidling, vertskap og besøksinformasjon.
- Ønskje at huset blir teke i aktiv bruk i tråd med besøksstrategien og som base for feltaktivitetar (t.d. Miljøpatrulje og ungdomsprosjekt).

4. Støtte til utvikling av Heradshuset på Vangen som autorisert verdsarvsenter

- Eit sentralt tiltak for **besøksstrategisk samordning** og kompetansebygging.

Anna?



ST 40/25 Eventuelt